

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1972

Navnet på vatnet Englevatnet  
Kommune ..... Tysvær

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## FUGLAVATNET

### Fiskeanalysen vart foreteken den 8. august 1972.

Vatnet ligg i Tysvær kommune, nærare stadfest sør for Grinde, og med Aksdalsvatnet i vest og Førlandsfjorden i sør.

Arealet er omlag 80 ha og h.o.h. 4 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men då vatnet er såpass stort vil djupnetilhøva vera vekslande. Her er store, meir grunnlendte vikar og partier nær land, men kjem vi utpå så får vi opplyst at der skal vera ca. 50 m djup.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjermebotn dominerar på djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet består mykje av brasmegras, men ein vil og finna botngras, nøkkeroser, siv - og algevegetasjon, frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter og snau-mark. Her veks spredt bjerkeskog med einer, røslung m.v som undervegetasjon.

Hovudtilsiget kjem frå Aksdalsvatnet i vest, men forutan dette fell der inn 2 litt større bekketilsig i sør, og elles mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord og går til Grindevaagen ca. 600 m lenger nede.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 6.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.6 ved utfallsosen og 6.4 ute på vatnet. Dette er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) 2.5 mg/l og den totale hardheita 4.5 mg/l. Vatnet må karakteriserast som kalkfattig, men likevel bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna  $K_{18} = 44.0 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er normalt ikkje særleg stor.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 36 fjærmygglarver, 7 vårflugelarver, 3 fjærmyggpupper, 2 vannmidd og 1 vannymfelarve - i alt 490 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 14 fjærmygglarver, 3 vårflugelarver og 1 vannmidd eller samla 180 individ pr. m<sup>2</sup>.

På 10.0 m vart det funne 13 fjærmygglarver og 1 musling - tilsaman 140 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at der er relativt bra med næringsdyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigenteleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøve av 1 fisk og her vart det funne stingsild, maur og vannkalvlarver.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontalttrekk på ca. 50 m med planktonhov og resultatet var ein relativt rik prøve.

#### Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Sjøaure, ferskvassaure, røyr, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 41 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



gjer seg ikkje gjeldande. Etter fiskeskjemaet kan det sjå ut som om fisken startar gytinga ved 3-4 års alder.



#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt og der tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon. Fiskebestandet i dag syner å vera noko i overkant av vatnet si bæreemne.

Vasskvaliteten er god sjølv om botnprøvene gav eit noko magert resultat. Likevel er ein del arter av verdfulle næringsdyr å finna.

Omfarfordelinga syner at der er fisk av ymse årgangar og storleikar og ser vi på cm, klasseinndelinga fortel denne at fisk i storleiken 27 cm dominerar.

Vekstkurven er også god.



Det som er avgjerande for næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn, er nedslagsfeltet, då det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatna- enten til godt eller vondt.

Består nedslagsfeltet av dyrka mark, kulturbeiter m.v. vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette gir seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget.

Nedslagsfeltet for Fuglavatnet består for ein del av kultivert mark og dette dreg i positiv lei.

Ser vi på fisken vi fekk så var storparten av prøvefiskane angripne av parasittar (måkemark. Dette talar for at fiskebestandet er i største laget i høve til næringsforrådet og det er ting ein må prøve å rette på.

Då der er røyr i vatnet, er det grunn til å tru at røyrbestandet er i største laget. Det er ofte slik i vatn der desse fiskeslaga er i blanding, at det er røyra som på litt lengere sikt blir dominerande. Dette kjem av at røyra har stor formeringsemne i høve til auren og om ein ikkje lokaliserar gyteplassane og driv eit hardt garnfiske her, vil auren gå gradvis tilbake. Det lukkast ikkje oss å få ei einaste røyr under prøvefiske vårt, men det var heller ikkje så rart då røyra som regel heldt til i dei djupare vasslaga og først ved gytetider søkjer meir grunnlendte stader.

Sjøauren er ein mykje verdfull fisk og også denne kan gå opp i Fuglavatnet. Vi skal hugse på, at sjøauren skatter næringsforrådet lite, då den storparten av sitt liv ernærer seg ute i sjøen og vender som regel tilbake til elva for å gyte.

Ålen er ein godt betalt matfisk, så denne må ein prøve å nyttiggjere seg.

Gytetilhøva er gode i fleire av tilsigsbekkene så rekrutteringa skulle vera sikra.

#### Praktiske tiltak.

Det første ein må gjera er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Etter det folk frå staden kan fortelje, så har auren gått tilbake i seinare tid. Det er grunn til å tru at det er røyra som for ein del har forårsaka dette. Vil vil føreslå, at der blir drive

eit hardt garnfiske etter røyra i åra framover. Lokaliser gyteplassane og sett garn her. Kjøp inn 8-10 garn av ymse maskestorleik og driv utfisking med desse (garna kan tingast hos underskrivne).

Storparten av prøvafiskane våre var angripne av måkemark, så alt må gjerast for å halde måken borte frå vatnet. Det er den måkestammen som har fast tilhald ved vatnet, og som hekkar i nærleiken som er den mest farlege. Måke som kjem på ein snarvisitt inn frå sjøen er meir ufarleg. Grav alltid ned fiskeslo og anna fiskeavfall slik at korkje husdyr(katt) eller fugl får tak i dette.

Ålen er ein godt betalt matfisk og denne må grunneigalaget nyttiggjera seg. Plasser ei ålemer på ein høvande stad på utfallselva og fang utgangsålen her. Det er som kjent om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Sjøauren og laksen er ettertrakta fiskeslag og spursmålet er om ein ikkje skulle satse litt på desse.

Vassdraget må i dag reknast som sjøaureferande og fylgjeleg må der setjast opp skilt 400 m frå kvar side av elveosen. Innafor denne sona er det grunneigarane åleine som har eineretten til fiske og då med lakseband (5.8 cm). Eit interessant eksperiment hadde vore og sett ut lakseyngel. Det er mykje rimeleg at ein ville fått laksen til å gått opp i Fuglavatnet. Dette er spursmål som grunneigarlaget må ta standpunkt til.

Når grunneigarlaget er etablert må ein straks gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Vatnet ligg lageleg til på alle vis, så det er sikkert ikkje få som vil koma for å prøve fiskelukka i Fuglavatnet.

Underskrivne vil vera hjelpesam med å setja dei tiltaka som her er peika på ut i livet.

Etter 4-5 år bør det takast ein ny analyse.

Stavanger den 4. april 1973

Einar Berg